

Nr. 2 2004 • 45. årgang • kr 50,-

Tidsskrift for aktuelle språkspørsmål

SPRÅKLIG SAMLING

Dialekt på sms

E du te nân?

Kan æ kom te dæ?

Kor e du hen?

Sett å sjer på tv'n æ

Målstriden i rikspolitikken 1980-2002

Plutselig blei språket vårt eget

Førsteamanuensis Berit Skog ved Institutt for sosiologi og statsvitenskap ved NTNU skriver i dette nummeret om sms-språket, det spennende mobiltelefonspråket som beveger seg i grenselandet mellom tale og skrift. Det viser seg at svært mange legger normert skriftspråk på hylla og heller tyr til dialekt når de skriver sms-meldinger. Dialekt-bruk er mest populært blant ungdommer, men også eldre bytter ut standardspråket i blant.

Fenomenet reiser en del interessante spørsmål: Hvorfor velger så mange å skrive på dialekt? Skal vi godta dialekter i skrift på samme måte som vi godtar dem i tale? Hvem kommer til å styre språkutviklinga i framtida? Politikere, et råd eller akademi, filologer, forfattere, journalister, eller rett og slett folk flest? Vil skriftnormene gå i oppløsning? Eller vil det utkrystallisere seg helt nye skriftnormer som bygger på den dialektnære skrifta vi ser i bruk nå? Og hva skal vi mene om dette?

Dialekt på sms har sjølsagt med vår favoritt *identitet* å gjøre, og kan være et godt tegn på at mange ikke føler seg helt hjemme i de skriftnormene vi har i dag. Bokmålet de fleste kanskje ville brukt i mer formelle sammenhenger inneholder fortsatt mye som er fremmed i dagligtalen til de fleste. At det blir utkonkurrert i situasjoner der en virkelig har behov for å uttrykke seg personlig er derfor ikke noe en skal være spesielt overraska eller indignert over.

Aldri før har så mange uttrykt seg så mye skriftlig. Ikke bare tar nordmenn høyere utdanning enn før og har jobber som krever at en kan skrive, men de kommuniserer oftere skriftlig privat også, helst i diverse elektroniske medier, der de før kanskje ville tatt en telefonsamtale. Det går fort: For ti år sia var mobiltelefoner en etter dagens standard steinaldersk analog teknologi som overvintra japper brukte, og Internett var noe rart som bare universitetsfolk kjente til. Men i løpet av bare få år har teknologien blitt tilgjengelig for alle, med den konsekvensen at alle nå kan være med og forme skriftspråket, uten at lærere eller redaktører korrigerer det.

«Skriftspråk skal holdes atskilt fra talespråk. Folk skal ikke skrive annerledes på Nesodden enn på Notodden,» sier Finn-Erik Vinje i en kommentar til NTB. Nei, dette er ikke noe samnorskønske, mer et – tør vi si teknokratisk? – ønske om å kontrollere det private skriftspråket. Vi velger å ikke fordømme dialektbruken sånn uten videre, men vil følge utviklinga med interesse. Om dialektbruken fører til økt språklig bevissthet og et kritisk syn på rådende normer, skal vi i alle fall ikke klage!

I rute

Med dette nummeret er bladet nå sånn ca. i rute. Vi håper å kunne holde ruta framover, og satser på å få ut årets siste nummer før jul.

SPRÅKLIG SAMLING

Ansvarlig redaktør: Hans-Christian Holm
e-post: redaksjon@sprakligsamling.no
(redaksjon@sprakligsamling.no)

Bladpengar: kr 150,-
Adressa til laget og bladet:
Postboks 626 Sentrum, 0106 Oslo
Kontonummer 0532 1078666
ISSN 0333-0362

Utgitt av **Landslaget for språklig samling**
Organisasjonsnummer 886 343 922

Heimeside: <http://sprakligsamling.no/>
[\(http://sprakligsamling.no/\)](http://sprakligsamling.no/)

Leiar: Vanja Røkkum Jahnson
e-post: vanja.r.jahnson@optonet.no

Medlemspengar (inkluderer bladpengar):
kr 250,- pr. år
for skoleelevar, studentar
kr 125,- pr. år

BERIT SKOG:

«Kor e du?» - om dialekt på sms

I dag har alle mellom 16 og 19 år i Norge mobiltelefon (SSB 2004). De unge er storforbrukere av tekstmeldinger. De sms-er til venner, kjæreste og foreldre. De sender hilsener, flørtemeldinger, beskjeder og de lager avtaler (Skog 2002, 2003). Vi vet altså mye om innholdet i tekstmeldingene, og også hvem de unge tekster til. Men vi vet mindre om *språket* i tekstmeldingene. Sms-språket er temaet i denne artikkelen.


Mange har gått ut fra at sms-

språket er et sterkt anglisert forkortelsesspråk, og at det er et språk for de spesielt innvidde. Men også voksne skriver tekstmeldinger. I en spørreundersøkelse blant 220 lærere i alderen 25–50 år + går det fram at 95 prosent bruker sms-tjenesten. (Skog 2004). I denne artikkelen skal vi se nærmere på de forskjellige delene av tekstmeldingsspråket, og også hvordan det varierer med alder og bosted. I den siste delen går vi inn på forskjellige forklaringer på at *dialekt* er blitt et

typisk trekk ved sms-språket.

Tekstmeldingsspråket

Hva er karakteristisk for sms-språket? Vi bruker resultater fra to spørreundersøkelser, Elev- og Lærerundersøkelsen, for å svare på dette spørsmålet. Både elever og lærere fikk spørsmål og hvilket språk de brukte når de sendte sms (1). Figuren under viser sms-språket til de to gruppene.



Figur 1 Sms-språket til elever og lærere. prosent (N=377 lærere, 221 elever)

Vi merker oss to hovedtrekk. For det første bruker både elever og lærere flere språklige uttrykk når de skriver tekstmeldinger. Summen blir derfor over 100 prosent for begge grupper. For det andre er det klare forskjeller

på sms-språket til elever og lærere. Dette skal vi se nærmere på.

mot 8 prosent). Elevundersøkelsen er gjennomført i Trondheim, og dialekten er naturlig nok trøndersk:

Dialekt

Flere elever enn lærere skriver tekstmeldinger på *dialekt*. (73 prosent

*Når slutte vi i
myrra?
Ka har vi i
læksa??*

*Korr e du hænn?
æ e i byen*

*E du heim?
Hella på med?*

Også vestlendinger, nordlendinger etc sms'er på sin dialekt. Dermed kan jeg-formen variere mellom «eg», «ej» eller «æ», avhengig av lokal tilknytning.

«Vanlig norsk»

inngår også i sms-språket. Da skrives tekstmeldingene på bokmål eller nynorsk. I begge tilfeller holder en seg til normene for «korrekt språkføring».

Her er det en klar forskjell mellom gruppene. Til sammen 63 prosent av lærerne skriver tekstmeldingene på standardisert bokmål eller nynorsk. Bare 20 prosent av de unge bruker «vanlig norsk» når de skriver ei tekstmelding.

Tall, tegn, bokstaver

Et annet språklig grep i tekstmeldinger er bruk av tall, tegn, forkortelser og

bokstaver. Mange unge kombinerer tall og bokstaver når de tekster. Fjortilisene (14-åringene) har ut fra dette prinsippet laget sms-versjonen av gruppa si: *14s*. Det trønderske «sjø!» er på sms'sk blitt til *7h!* Og *sjuk=7k*. Disse eksemplene viser at de mest sofistikerte sms-erne lager forkortelser som er basert både på *uttale* og på *dialekt*.

*7k = sjuk
7h = sjø!
:o) = bamsesmil
:-D = latter
GID=glad i deg*

De unge har også laget sms-symbolet for *tannregulering* : - # og for *party hele natten* # -). «Smiley» er vel det mest kjente symbolet i sms. Det finnes i ulike varianter, fra det vanlige smilefjeset : -) til det varme bamsesmilet : o). Vi bruker smileys når vi skal understreke et budskap. Dersom vi vil forsikre oss om at mottager oppfatter at sms-et vår er ironi, føyer vi til en smiley. På samme måte markerer vi gjerne ei gladmelding eller en opp-

muntrende hilsen med et smilefjes. Vi avslutter ofte ei tekstmelding med forkortelser og symboler: *GID.* : o-)
Tall, tegn og forkortelser kalles for det språklige krydderet i sms-meldingene. Og unge og eldre krydrer forskjellig: Flere unge enn voksne bruker tall, tegn og bokstaver i tekstmeldingene (35 prosent mot 5 prosent). De lager språklige kreasjoner fra uttale og dialekt. Det trønderske *7h* er et eksempel på det.

Språket varierer med mottager

Det er vanlig at vi former sms-språket etter den vi tekster til. En 14s bruker ofte interne koder med avanserte symboler og tegn i en sms til en kompis, mens han bruker et helt annet språk i en sms til foreldrene:

SMS til foreldre:

*Skal på kino i kveld.
Snakkes!*

SMS til en kompis:

*Æ ska p kino i kv.
SnX! :-)*

En lærer bruker også et annet språk i en tekstmelding til et familiemedlem enn til en kollega. Han eller hun skriver eksempelvis på dialekt til barna, ellers brukes «vanlig norsk». Figur 1 viser at både unge og eldre veksler mellom forskjellige språklige genre. Men langt flere unge enn voksne varierer språket med mottager,

dette gjelder 53 prosent av elevene og 29 prosent av lærerne.

Her oppsummeres hovedkjennetegnene ved sms-språket til elever og lærere:

Sms-språket til elever

1. Dialekt (73 %)
2. Varierer med mottager (53 %)
3. Mikser tall, tegn, bokstaver (35 %)
4. Alltid ordliste (29 %)
5. «Vanlig norsk» (20 %)

Sms-språket til lærere

1. «Vanlig norsk» (63 %)
2. Varierer med mottager (29 %)
3. Ordliste (25 %)
4. Dialekt (8 %)
5. Mikser engelsk, tall, tegn, bokstaver (5 %)


Elevundersøkelsen er fra Trondheim, mens Lærerundersøkelsen er landsomfattende. Kan språkforskjellen mellom lærere og elever forklares med at elevstudien er basert på et geografisk begrenset utvalg? Er dialektbruk på sms er særegent trøndersk fenomen? Vi kan trekke inn resultater fra en landsrepresentativ undersøkelse blant 1782 unge i den videregående skolen

(Skog 2002). Den viser at 58 prosent av elevene skriver tekstmeldinger på dialekt. De unge tekster altså på dialekt i større grad enn de voksne. Men både alder og bosted virker inn på bruken av dialekt i tekstmeldinger. Vi skal derfor se nærmere på disse poengene.

«Hellj på me?» - Dialekt på sms og bosted

Her skal vi undersøke om sms-språket til lærerne varierer med bosted. Kan tilknytning til et bygdesamfunn føre til at også lærere sms'er på dialekt?

Figuren nedenfor viser tekstmeldingsspråket til lærere som bor på landsbygda, i tettsteder og i byer.



Figur 2. Sms-språket til lærerne, etter bosted, prosent


Lærere som bor på landsbygda, skriver tekstmeldinger på dialekt i større grad enn lærerne som bor i byer. 12 prosent av i den førstnevnte gruppa bruker dialekt. Bare 3 prosent av lær-

erne som bor i de største byene, sms'er på *dialekt*. Denne gruppa bruker oftere *vanlig norsk* når de skriver tekstmeldinger.

«Klæm!» - Dialekt på sms og alder

Elevundersøkelsen viser at de yngste elevene (12-åringer) oftere skriver på dialekt enn de eldste (18-åringene). Her skal vi se om alder også virker inn på bruken av dialekt blant de voksne.

Figuren under viser tekstmeldingsspråket i ulike aldersgrupper i Lærerundersøkelsen.



Figur 3. Sms-språket til lærere, etter alder, prosent

Det er interessant å merke seg at tekstmeldingsspråket varierer med alder. De yngste lærerne, gruppa under 30 år, bruker oftere *dialekt* enn de øvrige gruppene. 17 prosent av denne gruppa skriver sms på dialekt, mot 6 prosent av gruppa 50 år +. De yngste lærerne bruker også kombinasjonen av tall, tegn og bokstaver, som er et karakteristisk trekk ved tekstmeldingsspråket.

Ingen i den eldste gruppa bruker denne sms-finessen. Lærerne i denne gruppa uttrykker seg på *vanlig norsk* i langt større grad enn de yngste. Hele 65 prosent av lærerne over 50 år skriver sms på *vanlig norsk*, mens dette gjelder 52 prosent av lærerne under 30 år.

Sms-språket til lærere < 30 år

1. «Vanlig norsk» (52 %)
2. Alltid ordliste (38 %)
3. Varierer med mottager (35 %)
4. Dialekt (17 %)
5. Mikser engelsk, tall. tegn, bokstaver (10 %)

Sms-språket til lærere 50 år +

1. «Vanlig norsk» (65 %)
2. Varierer med mottager (23 %)
3. Alltid ordliste (17 %)
4. Dialekt (6 %)
5. Mikser engelsk, tall. tegn, bokstaver (0 %)

Dialekt på sms – hvorfor?

Sms-språket er en kreativ kombinasjon av flere språklige uttrykk. Det bygger på dialekt, «vanlig norsk», forkortelser, bokstaver, tall og symboler. Tekstmeldinger har vært oppfatta som domenet til de unge. Men også de voksne følger med på sms-trenden. Mange tekster på dialekt, og dette påvirkes av alder og bosted.

Hvorfor skriver så mange sms på dialekt? En viktig forklaring kan ligge i selve sms-kommunikasjonen. Tekstmeldinger sendes og mottas ofte i sanntid. De fleste svarer umiddelbart på ei tekstmelding. Vi føler oss nær den vi sms-er med. Kommunikasjonen virker som en vanlig samtale. Da blir det naturlig å bruke dialekt.

En annen forklaring kan være at dialekt gir tekstmeldinga et personlig preg. Med dialekt setter vi vårt eget avtrykk på beskjeden, hilsenen og ikke minst på flørtemeldingen: «*Klum. Gla i de*». Vi bruker også forkortelser til å gjøre sms'et personlig. Venner lager interne koder, som eksempelvis: «*HG 20?*» (*Skal vi møtes på kafé Hans og Grete klokken 20?*). I byer finner vi forskjellige sosiolekter på sms. Også her brukes sms-språket til å signalisere ei lokal tilknytning.

De unge har alltid mobilen med. Mobilens har fått smykke- eller klokkestatus. Mange unge utvikler derfor et privat mobilkonsept. De pynter mobilen med deksler i yndlingsfarga, og de laster ned en logo (bakgrunns-

bilde) eller en ringtone som støtter under personlig smak og stil.

Mobilpynting blir et utrykk for den tidstypiske ungdomskulturen. De unge skal vise hvem de er, men samtidig signalisere at de tilhører en vennekrets. Også bruken av interne koder, sosiolekt og dialekt på sms inngår som viktige ledd i denne identitetsprosessen.

Dette bildet forklarer også at mange voksne sms-er på dialekt. Dialekten signaliserer identitet og geografiske tilhørighet, også i voksgruppa.

. Flere unge enn eldre sms-er på dialekt, og bruken av dialekt avtar med alder. Dette kan forklares med at disse gruppene er vokst opp med forskjellige språknormer og -regimer. Derfor blir det mer naturlig for de unge å uttrykke seg på dialekt. I NRK var det lenge en regel om at journalister skulle bruke riksmål. Oslospråket var normgivende, og ble derfor ikke oppfattet som en «dialekt». Dialekt var for revyscener og humorprogram, og noe en la av seg når en flyttet til hovedstaden. Bruken av dialekt i tekstmeldinger kan derfor ses som et uttrykk for ei språklig bevissthet..

Sms-språket er en kreativ kombinasjon av en rekke språklige uttrykk og virkemidler. Men det er få som tekster på engelsk. Engelske ord og uttrykk framtrer som regel i sms-forkortelser, som i avslutningshilsenen *cu!* (*See you*). Den nye mobile teknologien

har altså ikke ført til en anglisering av språket eller til et eget sms-språk. Sms-språket varierer med alder og bosted, og det preges av dialekt, sosiolekt og interne koder. Sms er dermed blitt en viktig kanal for å utvikle og å ivareta variasjonene i det norske språket.

Noter

1) Elevundersøkelsen ble gjennomført i Trondheim i september 2003. Her deltok 377 unge i alderen 12-18 år + . Lærerundersøkelsen er fra mai 2003 og omfatter 221 lærere i alderen 25 – 50 år +.

Referanser

Elevundersøkelsen: «MML-mobil med smil». ISS-Rapport nr 68 (Skog 2003)

Lærerundersøkelsen «Mobilbruk og mobilspråk i skolen», ISS rapport nr 72 (Skog 2004)

MAGNE ROGNE:

Målstriden i rikspolitikken 1980-2002

Målstriden i rikspolitikken 1980-2002

Hovudintensjonane bak mållova og liberaliseringssvedtaket i byrjinga av 80-åra var språkfred og avpolitisering av språkspørsmålet, særleg kampen mellom nynorsk og bokmål. Ei rekkje utsegner dei siste åra, og vedtaket om avviklinga av Språkrådet, kan tyde på at det er partipolitisk semje om dette på riksplan.¹ Eg har undersøkt stortingsforhandlingane og partiprogramma i perioden 1980-2002, for å sjå kva språkpolitikk dei ulike partia reelt har stått for.² Når det gjeld dei etablerte partia – Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Venstre – har det vore naturleg å samanlikne med tidlegare språkpolitiske standpunkt. Framstegspartiet og Sosialistisk Venstreparti er ferske i denne samanhengen, så der er samanlikningsgrunnlaget dårlagare.

Alle partia tek opp språkpolitiske spørsmål i programma sine, noko som ikkje nødvendigvis peikar mot språkfred. I Stortinget er òg språkspørsmålet stendig oppe, særleg i samband med stortingsmeldingane om målbruk i offentleg teneste, der

prinsipielle spørsmål ofte kjem opp. Desse meldingane skal etter mållova leggjast fram minst kvart fjerde år, og dei fører til grundige debattar, om enn ikkje like intensive som i tidlegare periodar. Dessutan har eg registrert heile 52 spørsmål som kan seiast å vere direkte knytte til målstriden, samt eit forslag om å nytte *Norge* som einenamn på landet og ein interpellasjon om obligatorisk sidemål.³ I alle desse sakene har eg sett på kva side stortingsrepresentantane og statsrådane tek i striden om stillinga til bokmål og nynorsk i samfunnet, og korleis dei argumenterer for sine syn. Samla gjev dette materialet eit godt inntrykk av språkpolitikken til dei ulike partia, og det viser at målstriden enno har kveik i seg til å skape riks-politisk temperatur.

Arbeidarpartiet

Arbeidarpartiet var lenge splitta i språkspørsmålet. Først i 1930-åra greidde dei å einast om eit samnorsk-standpunkt, som stod fast til dei tok initiativ til språkfred gjennom Vogtkomiteen i 1960-åra.⁴

Frå 1981 er dei viktigaste språkpoli-

tiske formuleringane i valprogramma knytt til arbeidet med auka språkleg likestilling i det offentlege styringsverket. Det vil i praksis seie å sikre nynorsken større rom, men dette blir ikkje sagt direkte og talfesta før i 2001-programmet, der det heiter at «...nynorsk som administrasjonsmål må styrkes, slik at målet om minst 25 prosent bruk sikres.»⁵ Dette er den same prosenten som står i forskriftene til mållova, men som mange etatar ikkje har vore i nærleiken av. I 2001 kjem det òg inn ei formulering om å halde på obligatorisk sidemål, noko som tyder på at dei reknar det for å vere under press, sidan dette er eit nytt, spesifikt punkt.

Ein annan språkpolitisk gjengangar er tiltak for å sikre større respekt for dialektane, slik at ein kan få eit «fritt språklig miljø». Språkpolitikken blir stundom sett inn i større politiske samanhengar, som til dømes i 1997: «Morsmål er så viktig at det ikke kan overlates til sterke private aktører å bestemme utviklingen alene». ⁶ Dette sitatet passar godt inn i Arbeidarpartiet sin generelle politiske vilje til å bruke staten for å nå politiske mål.

I praktisk politikk følger partiet godt opp partiprogrammet, og arbeidarparti-representantane har i perioden flest språkpolitiske initiativ i Stortinget. Til saman kjem dei med 13 spørsmål til fordel for nynorsk, der dei fleste handlar om oppfølging av mållova og rettane til skulelevar. I dei større språkdebattane er alle innlegga nynorskvenlege, med typiske formuleringar som «Helt til slutt vil jeg understreke at vi alle har en forpliktelse til å legge særlig vekt på hensynet til det som er mindretallsspråket, til nynorsken...»⁷ (Reiulf Steen under målbruksdebatten i 1984) og «Det er derfor spesielt nødvendig å ta vare på språket, vår kultur og identitet ved også å sørge for at nynorsken blir brukt fra statens side.»⁸ (Ingeborg Botnen under målbruksdebatten i 1992). I 2002 er det òg heilt tydeleg at samnorsk ikkje er aktuell språkpolitikk: «Målet er å hindre en utvikling mot bare ett skriftspråk her i landet»⁹ (Torny Pedersen under målbruksdebatten).

I posisjon følger statsrådane til Arbeidspartiet programmet og har stort sett positive svar på spørsmål som gjeld nynorsken si stilling. Eit døme er kyrkje- og undervisningsminister Gudmund Hernes under eit spørsmål om skulemålsrøystringar, der han understrekar at «...en av de sentrale oppgavene vi har i dette landet, er å ta vare på den kulturelle variasjon og rikdom som ligg i at vi har to målformer.»¹⁰ Men svara kan òg vere meir avmålte, då gjerne med økonomiske grunngjevingar. Eit døme på det er svaret til justisminister Kari Gjesteby på eit spørsmål om eit datasystem for lensmannskontora. Her seier ho at delar av systemet vil kome på nynorsk, men held fram slik: «Skjermbilder og rapporter til internt bruk ved lensmannkontoret vil fortsatt være på bokmål fordi en nynorskversjon her vil falle uforholdsmessig kostbar.»¹¹

Sett under eitt står altså Arbeidspartiet fram som eit gjennomført nynorskvenleg parti i valprogram, debattar og initiativ i Stortinget. Det same gjeld for regjeringane, sjølv om

nokre statsrådar held igjen ut i frå økonomiske omsyn.

Framstegspartiet

Framstegspartiet er eit relativt nytt parti i Noreg og hadde berre vore representert ein gong på Stortinget før 1981. Språkpolitisk markerer dei seg i partiprogramma med ein konsekvent motstand mot obligatorisk sidemålsopplæring. Dette punktet går igjen i alle programma, men dei har også andre språkpolitiske postar, der poenget er å redusere staten sin innverknad på språkpolitikken. I 1981 vil dei fjerne språkreglane i NRK, i 1989 vil dei opplyse Norsk språkråd og oppheve mållova. Det siste er eit krav som dei gjentek i 2001. Slik ser ein at språkpolitikken er i samsvar med den overordna liberalistiske tankegangen i programma – ein vil generelt redusere staten si rolle i samfunnet.

Når det gjeld politiske initiativ, har partiet nokre i dei to første stortingsperiodane, men ingen i dei neste. Dei har to spørsmål i tråd med programmet, der det første går på å gjere sidemålsopplæringa i vidaregåande skule til eit munnleg fag, og det andre går på kvifor telefonkatalogen for Hordaland ikkje er på bokmål.¹² Dessutan har Carl I. Hagen den 24. mars 1986 eit forslag om «å be Regjeringen påse at navnet Norge benyttes på samtlige offentlige institusjoner og dokumenter.»¹³ Utanriks- og konstitusjonskomiteen gjekk mot forslaget, og det fekk berre to røyster i Stortinget. Bakgrunnen var eit initiativ frå Riksmaalsforbundet, og under innlegget sitt kalla Hagen seg riksmaalsmann. Dette forslaget kan vanskeleg kalla liberalt, og det peikar mot at òg sidemålsmotstanden til Framstegspartiet er ein kamp mot nynorsk.

Går me til dei større debattane, peikar dei i same retning. Alle innlegga kan tolkast som å tak på ulike tiltak for å fremje nynorsken si stilling i det offentlege. Men representantane held seg til programmet i den prinsipielle argumentasjonen rundt mållova. Partiet kjem fleire gongar

med forslag om å fjerne mållova, og heller la «...alle offentlige tjenestemenn og -kvinner benytte den målformen vedkommende mestrer best.»¹⁴ Dei meiner at begge målformene vil vere tent med ei slik endring ut i frå kvaliteten på produkta, og at hovudpoenget i denne samanhengen er det kommunikative. Ulf Erik Knudsen seier det slik under målbruksdebatten i 2002: «I praksis er det slik at enhver normalt utrustet nordmann har evne til å forstå begge målformer.»¹⁵

Dei kulturelle aspekta ved språk kjem dei nesten ikkje inn på i debattane, men når dei først blir nemnt, er det for å få inn eit politisk poeng som får fram grunnsynet til partiet: «Vi er alle klar over at nynorsk skriftkultur har tilført den norske kulturarv flere verdifulle skatter, men dette er i form av enkeltmenneskets engasjement og ikke statlig overstyring». ¹⁶

Ser ein samla på program og handlemåten i Stortinget, går Framstegspartiet inn for prinsipiell likestilling mellom målformene når det gjeld retten til å bruke dei, men prøver i praksis å fremje bokmål som bruksspråk i statleg verksemd.

Høgre

Tradisjonelt har Høgre vore bokmålspartiet, med ein klar brodd mot nynorsk, sjølv om einskildrepresentantar frå dei nynorske kjerneområda har markert seg med avvikande syn. Frå 1950-åra retta partiet motstanden meir mot dei radikale bokmålsformene og samnorskankten.¹⁷

Partiprogramma i 1980-åra viser at Høgre har teke kompromissa med mållova og liberaliseringsetaket på alvor. I 1981-programmet vil partiet, i tillegg til å hindre samanblanding av målformene, «...verne og dyrke våre to skriftspråk og dialekter og gi dem bedre utviklingsmuligheter.»¹⁸ Her er altså nynorsk inne i varmen – og ikkje mindre overraskande – dialektane. Dei har tidlegare ikkje stått i særleg høg kurs i Høgre. Dessutan har dei to postar der dei direkte krev meir støtte til nynorske lærebøker og andre tiltak som er viktige for nynorsk kultur. Dette blir følgt opp med liknande

postar i 1985-programmet, men her kjem i tillegg inn ei formulering om at «Samtidig må det pedagogiske opplegg for sidemålsopplæringen forbedres.»¹⁹ Dette er òg nye språkpolitiske tankar frå Høgre, som tidlegare har kjempa mange harde slag mot akkurat sidemåsstilen.

I 1989 er engasjementet i valprogrammet redusert til ein post der dei «...legger stor vekt på arbeidet for å verne og holde i hevd våre to skriftspråk...»²⁰, medan språkspørsmålet er heilt ute av partiprogrammet i 1993. Dermed er tydelegvis forpliktingane frå byrjinga av det førre tiåret i ferd med å bli gløymde.

Posten om å halde dei to skriftspråka i hevd er inne igjen i 1997, men samstundes vil dei i vidaregåande opplæring «[gljøre den skriftlige sidemålsundervisningen valgfri.»²¹ Slik går dei på vel ti år frå å ville styrke sidemålsundervisninga til å ville gjere ho valfri, noko som er eit steg tilbake til den tradisjonelle språkpolitiske linja i Høgre. Denne omsunaden blir følgt opp med den same formuleringa i 2001, i tillegg til at kampen mot sammorsk på ny kjem inn gjennom ei formulering mot formålsparagrafen om tilnærming i Norsk språkråd.

Dersom me ser på dei politiske initiativa i Stortinget, viser dei eit parti i strid med seg sjølv. Representantane har til saman fem nynorskvenlege spørsmål, tre spørsmål som kan reknast som mot nynorsk og ein interpellasjon mot obligatorisk sidemålsundervisning. Spørsmåla til fordel for nynorsk kjem alle frå Hallgrím Berg, og går m.a. på stønad til Noregs Mållag, nynorsk på myntar og setlar og målform ved tilsetjingar i NRK. Dette går føre seg i ein periode frå 1991-1996, då det verkar som Høgre er i ferd med å snu igjen i språkspørsmålet. Slik sett kan desse initiativa frå målmannen Berg òg sjåast på som ei språkpolitisk markering internt i Høgre.

Dei tre spørsmåla mot nynorsk går alle på språksituasjonen i skulen, der representantane på ulike måtar meiner nynorsken får for stort rom.²² Dette skjer i om lag det same tidsrom-

met som Berg har sine spørsmål, og det tyder på at språkspørsmålet er omstridd i Høgre. Etter at Høgre har funne tilbake til sitt gamle leie i partiprogramma, så kjem Inge Lønning sin interpellasjon om sidemålet i 1999. Her tek Lønning opp argumentasjonen frå Framstegspartiet og seier ein ikkje har bruk for sidemålsundervisning fordi «...vi i dag er i en situasjon hvor avstanden mellom de to målformene er blitt så liten at det ikke er en eneste norsk borgar som vil ha problemer med å forstå svaret hvis han mottar et svar i den andre [!] språkform enn den han selv bruker.»²³ Slik går han samstundes til åtak på mållova og konsensusen rundt den delen av språkpolitikken. Men i debatten får han berre støtte frå to representantar frå Framstegspartiet, medan hans eigne partifellar er tause.

Ser me på dei andre store debattane, så verkar Lønning heller isolert i sitt åtak på mållova. I målbruksdebattane er det ein god del innlegg frå Høgre til støtte for lova og intensjonane bak, medan ingen er direkte imot. I Stortinget følgjer altså Høgre opp kompromisset frå byrjinga av 80-åra, og representantane seier ofte klart frå om korleis dei ser på saka: «Vi hører ofte påstanden om at det er 'for dyrt' å ha to eller tre språk i et lite land. Meromkostnadene er ikke større enn det tannpirkerne koster ved større restaurantmåltid etter min vurdering»²⁴ (Hans Svendsgård under målbruksdebatten i 1984). Det kjem òg fram korleis partiet ser på saka: «Imidlertid er det ønskelig med en styrking av bruken av nynorsk i forhold til den prosentvise andel dokumenter som utarbeides innenfor det offentlige i denne språkformen. Høyre støtter derfor de tiltak Regjeringen legger opp til for å nå de mål vi har satt oss, med 25 % nynorsk andel»²⁵ (Olemic Thommesen under målbruksdebatten i 2002). Eit viktig poeng her er at ingen av desse representantane kjem frå det nynorske kjerneområdet.

Den einaste større måldebatten der Høgre òg har klare innlegg mot fleirtalet i Stortinget, er om røystettsreglane for målval i grunnskulen.

Her talar ein representant frå Høgre for nye, meir nynorskvenlege reglar, medan tre talar imot. Dette dannar, i lag med spørsmåla og interpellasjonen til Lønning, eit mønster som tyder på at det er særleg i skulespørsmål det er språkpolitisk usemje internt i Høgre.

I posisjon har statsrådane frå Høgre stort sett ei positiv haldning til spørsmål som gjeld nynorsk i det offentlege, og det er vel som ein kan vente ut i frå haldninga i målbruksdebattane. Desse statsrådane har òg for det meste kome frå koalisjonsregjeringar med sentrumspartia, noko som nok krev at partane dempar eventuelle språkpolitiske motsetningar.

Høgre har altså i denne perioden samla sett vist seg fram som langt meir nynorskvenleg enn tidlegare. Tendensen i partiprogramma og skulepolitikken utover i 90-åra tyder likevel på at Høgre er i ferd med å vende tilbake til sitt gamle spor, samstundes som målbruksdebattane viser at partiet framleis står bak mållova.

Kristeleg Folkeparti

Kristeleg Folkeparti er eit parti med utspring frå Venstre som først vart lands parti etter krigen. I språkpolitikken har det overteke Venstre sine standpunkt, med eit klart engasjement for nynorsken si stilling i det offentlege.²⁶

Partiprogramma til Kristeleg Folkeparti frå 1981 til 2001 syner ein sterkt politisk vilje til å støtte tiltak for å fremje nynorsken si stilling i staten og skuleverket. Alle programma har formuleringar for å sikre lærebøker på nynorsk og for obligatorisk sidemålsundervisning i grunnskulen og vidaregåande skular. NRK blir òg nemnt i dei fleste programma, og der er kravet at minst 25% av sendingane skal vere på nynorsk. Dessutan har dei fleire formuleringar som peikar direkte mot oppfølging av mållova, t.d. denne i 2001: «Målsettingen om minst 25% bruk av nynorsk i offentlig forvaltning må sikres.»²⁷

Når det gjeld politiske initiativ i Stortinget, har Kristeleg Folkeparti sju spørsmål i perioden, der alle går på oppfølging av mållova. Emna er

blant anna annonsar på nynorsk i stillingsutlysingar for statlege etatar og dataprogram på nynorsk for lensmannskontora. Slik sett følgjer partiet godt opp valprogramma.

I dei andre språkdebattane er alle innlegg frå representantane klart nynorskvenlege. Innlegga viser ei pågåande haldning i høve til mållova: «Kristeleg Folkeparti meiner at lova bør endrast, slik at alle føretak, aksjeselskap, legat og stiftingar der staten eig meir enn halve verdien av selskapet, blir omfatta av lova»²⁸ (Anne Lise Lunde under målbruksdebatten i 1998). Partiet avviser òg samnorsk som aktuell politikk: «For Kristelig Folkeparti er det et språkpolitisk mål å hindre en utvikling som i verste fall ender opp med bare ett skriftmål her i landet. Vi ønsker et kulturelt mangfold, også språklig.» Og dei har ei klar oppfatting av kva som må til for å nå målet: «...det er av avgjørende betydning at det generelt legges vekt på positive virkemidler når norsk språk skal styrkes. Her bør vi bygge på føre var-prinsippet i stedet for et litt mer defensivt språkvern»²⁹ (Dagrun Erikssen under målbruksdebatten i 2002).

Statsrådane har den same haldninga i posisjon og svarar positivt på spørsmål om nynorsken si stilling i det offentlege. I 1990 svarar til dømes statsråd Eleonore Bjartveit slik på eit spørsmål om stillingsutlysingar: «Kirke- og kulturdepartementet vurderer fortløpende tiltak som kan bidra til at målloven etterleves bedre, og særleg tiltak som kan føre til økt nynorskkompetanse hos statsansatte.»³⁰ Tolv år seinare seier kyrkje- og kulturminister Valgerd Svarstad Haugland det endå sterkare under målbruksdebatten: «Språkpolitikken må gjennomsyra heile forvaltningsapparatet, slik språket sjølv gjennomsyrer alt samfunnsliv.»³¹

I perioden 1980-2002 er Kristeleg Folkeparti eit parti som har eit klart standpunkt for nynorsk, og dei følgjer dette opp både i posisjon og opposisjon.

Senterpartiet

Senterpartiet, tidlegare Bondepartiet,

har hatt tradisjon for å vere nynorskvenleg, men med ein mindre austlandsfløy som har prøvd å bremse radikale endringar til fordel for nynorsk.³²

I partiprogramma står partiet fram som klart nynorskvenleg i heile perioden frå 1980-2001. Ei formulering som «Senterpartiet vil arbeide for full språkleg jamstilling. Særleg må jamstillingsreglane følgjast i statsstjeneste og offentleg styringsverk.»³³ går igjen i alle programma. I tillegg kjem mange postar om direkte støtte til nynorsk som til dømes lærermiddel, skriftsenter, allmenn røysterett i skolemålssaker og Norsk Ordbok. Obligatorisk sidemålsopplæring og styrking av dialektane er andre viktige språkpolitiske merkesaker.

I Stortinget syner partiet politiske initiativ i tråd med programma. Dei har heile tolv spørsmål, som alle går på skolemål, lærermiddel og oppfølging av mållova. I dei andre debattane er representantane engasjerte, og alle innlegga er nynorskvenlege. I innlegga har representantane klare og offensive meininger: «Det er eit felles nasjonalt ansvar å sikre og styrke nynorsk språk.»³⁴ (Leiv Blakstad under målbruksdebatten i 1992). Og språkspørsmålet blir sett i eit vidare perspektiv: «For mange av oss er nynorsk meir enn eit språk: Det er òg snakk om kollektiv identitet»³⁵ (Eli Sollied Øveraa under målbruksdebatten i 2002).

Senterpartiet har ikkje hatt mange statsrådar som har vore involvert i språkspørsmål, men blant dei som har hatt ordet, er haldninga den same som i Stortinget. Kulturminister Anne Enger Lahnstein, frå Akershus, legg i målbruksdebatten i 1998 vekt på at det minste av dei to språka våre er under press og avsluttar innleget slik: «La meg si at for meg er språk makt. Det dreier seg om identitet, om kultur, og det er viktig at vi har loven om målbruk i offentlig tjeneste, slik at vi kan bruke den som et instrument i arbeidet for å sikre norsk språk og norsk kultur.»³⁶ Senterpartiet er altså heile vegen nynorskvenleg og set språkspørsmålet inn i ei vidare poli-

tisk ramme.

Sosialistisk Venstreparti

Sosialistisk Venstreparti er eit ungt politisk parti. Det vart skipa i 1975 og fekk berre to representantar ved valet i 1977. I partiprogramma markerer partiet seg klart språkpolitisk med vilje til å arbeide aktivt for nynorsk gjennom heile perioden 1981-2001. Ei typisk formulering, ikkje utan ein generell politisk undertone, er denne: «Kampen mot språklig diskriminering og undertrykking er viktig. SV vil arbeide for reell likestilling mellom nynorsk og bokmål.»³⁷ Dei er òg opptekne av dialektane og legg særleg vekt på skuleverket: «...arbeide for å styrke nynorsken og dialektene sin plass i all opplæring, fra barnehage til høgskolenivå.»³⁸ I tillegg til denne typen generelle målsetjingar har dei heile vegen praktiske postar for å styrke nynorsken. Døme på det er nynorskprosenten i NRK, oppfølging av mållova, lærermiddel på nynorsk og obligatorisk sidemål.

Av politiske initiativ i Stortinget har partiet sju spørsmål, der alle er knytt til postane i partiprogrammet. Representantane er aktive i måldebattane, og alle innlegga er nynorskvenlege. Mange av innlegga etterlyser ei betre oppfølging av mållova. Kjellbjørg Lunde går under målbruksdebatten i 1987 til åtak på manglande forståing for kravet om måljamstelling og plasserer ansvaret slik: «Denne bresten i haldninga til eit fundamentalt målpolitisk og kulturelt spørsmål pregar både byråkratar og leiinga i departementa og andre offentlege etatar, uavhengig av politisk farge.»³⁹ Men SV-representantane passar ikkje berre på lova, dei går òg offensivt ut i høve til statsorgan og verksemder som blir fristilte. I fleire innlegg går dei inn for å utvide lova til å gjelde samfunnsfunksjon, og ikkje berre formell eigarskap, slik at desse må nytte nynorsk.⁴⁰

I argumentasjonen finn ein igjen den politiske brodden frå programma, særleg retta mot Høgre og det private næringslivet. Dei legg vekt på identitet og kultur, og dessutan dukkar

kommunikasjonsargumentet til Framstegspartiet opp fleire gongar, men med omvendt forteikn: «Arbeider vi for språkleg jamstelling, fremmar vi eit godt og enkelt, men rikt språk, som opnar for betre kommunikasjon.»⁴¹ På denne måten legg dei ein meirverdi inn i språkspørsmålet – det blir òg direkte samfunnsnytte.

Alt i alt markerer Sosialistisk Venstreparti seg som eit klart nynorskvenleg parti, med stor vilje til å nytte staten til å fremje språkpolitiske mål.

Venstre

Venstre stod bak jamstillingssvedtaket i 1884 og kan med rette kallast nynorskpartiet. Partiet har heile tida sidan det arbeidd aktivt for at nynorsk skal få større rom i Noreg, særleg i det offentlege.⁴²

I partiprogramma for perioden 1981-2001 held partiet på denne språkpolitiske tradisjonen og har heile vegen markante postar for å støtte nynorsken. Dei er opptekne av mållova og er merksame på nye område der ein aktiv språkpolitikk vil vere viktig: «Likestillingspolitikken mellom nynorsk og bokmål må fortsette, og utvides i takt med innføringen av nye medier og teknologi.»⁴³ Liknande formuleringar går igjen i alle programma. Partiet nyttar «språklig mangfold» som eit honnørromgrep i dei fleste programma og knyter dette til målformene, men òg til dialektane, som dei meiner er med på å skape sjølvtillit og identitet. Dette har ei klar politisk side, og i 1997-programmet tek dei i denne samanhengen i bruk sterke ord: «Uten språk, intet demokrati.»⁴⁴

Partiet har ei rekke praktisk retta postar for å fremje nynorsk gjennom heile perioden, til dømes støtte til nynorske lærebøker, nynorskkskonsulenter i NRK og ein norsk teaterskule knytt til eit nynorsk språkmiljø. Dessutan går dei inn for ei styrkt sidemålsopplæring.

Når det gjeld politiske initiativ, har dei berre eitt spørsmål. Dette må nok sjåast i samanheng med at det gamle storpartiet Venstre har blitt eit miniparti på riksplanet. Dei har berre to

representantar i perioden 1981-85 og er ute i dei to neste periodane, før dei kjem tilbake med éin representant i 1993 og seks i 1997.

Under debattane i 1984 og 1985 tek Mons Espelid ordet med nynorskvenlege innlegg, og Helene Falch Fladmark gjer det same under debatten rundt Lønnings interpellasjon i 1999. Her kjem den tradisjonelle språkpolitikken til Venstre godt fram: «Nynorsk er en særdeles viktig del av norsk skriftkultur, og jeg vil understreke den betydningen opplaeringen i nynorsk skriftspråk har for god forståelse av norsk språk, enten man har bokmål eller nynorsk som hovedmål.»⁴⁵

Venstre har hatt nokre statsrådar i perioden, men ingen har vore i departement som har hatt språkspørsmål opp i Stortinget. Programma og dei få innlegga viser at partiet har hatt vilje til å påverke i språkpolitikken, men det har ikkje hatt politiske tyngd til å vere ein pådrivar.

Språkfred er ei det beste...

Denne undersøkinga har vist at målstriden i høgste grad har vore levande i rikspolitikken i tiåra etter 1980, men òg at det stort sett har vore konsensus rundt hovudtrekka i språkpolitikken. Eit stort fleirtal av representantane på Stortinget har heile vegen stått bak mållova. Ein konsekvens av dette er at mange av dei mindre språkpolitiske spørsmåla blir avgjorde i komitéarbeid, slik at ein unngår unødvendige realitetsrøystingar i Stortinget. Likevel er opposisjonen heile tida ute etter å markere seg, òg i språkpolitiske spørsmål. Til det brukar dei mellom anna spørjetimen som eit verkemiddel for å passe på at ulike regjeringar held seg til intensjonane i lovgjevinga, særleg når det gjeld statsstyringa og skuleverket.

Av dei politiske partia er det Framstegspartiet som skil seg klarast ut i språkpolitikken. Dei går prinsipielt inn for likestilling når det gjeld retten til å bruke begge målformene, men dei kan ut i frå realpolitikk kallast det einaste «bokmålspartiet». Høgre, som historisk har hatt den posisjonen, framstår som langt meir nynorskven-

leg. Dei har likevel tendensar til intern usemje, særleg i skulesaker, og partiprogramma har ei utvikling frå for til mot obligatorisk sidemålsopplæring. Når det gjeld synet på praktiseringa av mållova derimot, er det reell avstand mellom Høgre og Framstegspartiet.

Dei andre politiske partia, dvs. Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre, kan alle plasserast under merkelappen «nynorskvenleg». Det vil seie at dei gjennom heile perioden 1980-2002 går aktivt inn for å styrke nynorsk som bruksspråk i offentleg sektor, inkludert skuleverket.

Konklusjonen må på bakgrunn av dette bli at det blant eit stort fleirtal på Stortinget, både av representantar og parti, er semje om hovudtrekka i språkpolitikken; ein vil ha ein aktiv språkpolitikk som sikrar rom for begge målformene. Når språkspørsmålet likevel er så synleg i rikspolitikken, kjem nok det av at dei ulike regjeringane ikkje heilt har lykkast i å oppnå målsetjingane, samstundes som Framstegspartiet og nokre høgrerrepresentantar arbeider aktivt for eit alternativt syn. Dermed ser det ut til at ei radikal omlegging av språkpolitikken i Noreg ikkje er særleg aktuell utan ei kraftig høgredreiling i det rikspolitiske landskapet.

Litteratur og kjelder

- Furre, Berge 1991: *Vårt hundreår: Norsk historie 1905-1990*. Det Norske Samlaget
- Haugland, Valgjerd Svarstad 2002: «Norsk språkråd 30 år». http://odin.dep.no/kkd/norsk/aktuelt/taler/statsraad_a/043011-090013.html
- Partiprogram 2001*: www.nsd.uib.no/data/polsys/partiveven
- Rogne, Magne 1998: *Målstrid og politikk. Dei politiske partia og målstriden på Stortinget i perioden 1919-1930*. Hovudfagsoppgåve, UiO
- Stortingsforhandlingene 1980-2002*. (NB! For perioden 2001-2002 er opplysingane henta frå nettutgåva: www.stortinget.no/stid/2001)
- Sæter, Odd Jostein (red.) 1985: *Kristelig Folkepartis historie 1933-83: samling om verdier*.
- Torp, Arne og Vikør, Lars S. 1996: *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. (2. utg.) Ad Notam Gyldendal
- Torp, Arne 2002: «Språkutviklinga dei siste hundre åra». I *Vårt eget språk*. (Red. Egil Børre Johansen), s.75-89. H. Aschehoug & Co.
- Vi Vil – Norske partiprogrammer 1884-1997*. CD-ROM frå Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste. 1997.

Notar

- ¹ Sjå t.d. Lars Roar Langslet si innleiing til mállovsdebatten i Odelstingstidende 1980:178 og Kultur- og kyrkje minister Valgerd Svarstad Haugland si tale i høve 30-årsjubileumet til Norsk språkråd 7.2.2002
- ² Meir presist er undersøkinga avgrensa til perioden mellom to viktige språkpolitiske hendingar, nemleg vedtaket om mállova (11.4.1980) og fjerninga av tilnærningsparagrafen i Språkrådslova (13.12.2002)
- ³ Eg har berre teke med saker som har ført til ordskifte og som kan knytast direkte til striden mellom bokmål og nynorsk. Nærskyldne språkpolitiske spørsmål som dialektbruk og samnorsk blir streifa i samanhengar der dei kan seiast å ha relevans til striden mellom bokmål og nynorsk.
- ⁴ Rogne 1998:178-181, Torp/Vikør 1996:222ff og Torp 2002:79 og 84f
- ⁵ DNA – valgprogram 2001 (her frå www.nsd.uib.no/data/polsys/partiveven)
- ⁶ DNA – valgprogram 1997 (her frå Vi vil 1997)
- ⁷ Stortingsstidende 1984:3147
- ⁸ Stortingsstidende 1992:683
- ⁹ Stortingsstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 2)
- ¹⁰ Stortingsstidende 1992:2706
- ¹¹ Stortingsstidende 1991:3708
- ¹² Stortingsstidende 1982:2792f og 1985:218f
- ¹³ Stortingsstidende 1986, Innst. S. nr. 225 (Dokument nr. 8:12)
- ¹⁴ Stortingsstidende 1984:3158
- ¹⁵ Stortingsstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 4)
- ¹⁶ Stortingsstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 5)
- ¹⁷ Furre 1991:49, 163 og 276, Rogne 1998:173-178 og Torp/Vikør 1996:227f
- ¹⁸ Høyre – valgprogram 1981 (her frå Vi vil 1997)
- ¹⁹ Høyre – valgprogram 1985 (her frå Vi vil 1997)
- ²⁰ Høyre – valgprogram 1989 (her frå Vi vil 1997)
- ²¹ Høyre – valgprogram 1997 (her frå Vi vil 1997)
- ²² Stortingsstidende 1989:2729, 1993:2425f og 1995:1408f
- ²³ Stortingsstidende 1999:3804
- ²⁴ Stortingsstidende 1984:3157
- ²⁵ Stortingsstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 4)
- ²⁶ Sjå t.d. Sæter 1985:91
- ²⁷ KrF – valgprogram 2001 (her frå www.nsd.uib.no/data/polsys/partiveven)
- ²⁸ Stortingsstidende 1998:3063
- ²⁹ Begge sitata er frå Stortingsstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 9)
- ³⁰ Stortingsstidende 1990:212
- ³¹ Stortingsstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 7)
- ³² Rogne 1998:181-184 og Furre 1991:117
- ³³ Senterpartiet – valprogram 1989 (her frå Vi vil 1997)

- ³⁴ Stortingstidende 1992:681
- ³⁵ Stortingstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 1)
- ³⁶ Stortingstidende 1998:3066
- ³⁷ Sosialistisk Venstreparti – valgprogram 1989 (her frå Vi vil 1997)
- ³⁸ Sosialistisk Venstreparti – valgprogram 1997 (her frå Vi vil 1997)
- ³⁹ Stortingstidende 1987:2846
- ⁴⁰ Sjå t.d. Stortingstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 6)
- ⁴¹ Stortingstidende 1987:2846
- ⁴² Torp/Vikør 1996:222ff, Rogne 1998:168-173 og Furre 1991:48, 270
- ⁴³ Venstre – valgprogram 2001 (her frå www.nsd.uib.no/data/polsys/partiveven)
- ⁴⁴ Venstre – valgprogram 1997 (her frå Vi vil 1997)
- ⁴⁵ Stortingstidende 1999:3808



Styret i LSS 2004-2005

Vanja Røkkum Jahnsen, leder
 Arne Torp, nestleder
 Ellen Skolseg, sekretær
 André Stryger, kasserer
 Thomas Hoel, styremedlem
 Elsa Kristiansen, styremedlem
 Hans-Christian Holm, styremedlem
 Ivar Hundvin, varamedlem
 Pål Styrk Hansen, varamedlem
 Eric Papazian, varamedlem

LSS sine medlemmer og varamedlemmer i Norsk språkråd

Arne Torp (bokmål)
 Ellen Skolseg (vara)
 Lars S. Vikør (nynorsk)
 Rolf Theil Endresen (vara)



Returadresse:
SPRÅKLIG SAMLING
Postboks 636 Sentrum
0106 OSLO

Innhold 2 - 2004

- 2** Redaksjonelt: Plutselig blei språket vårt eget
- 3** BERIT SKOG: «Kor e du?» – om dialekt på sms
- 9** MAGNE ROGNE: Målstriden i rikspolitikken 1980-2002

Bli med!

Er du opptatt av språkspørsmål? Vil du støtte arbeidet for:

- et folkelig bokmål og et folkelig nynorsk?
- ei gradvis og gjensidig tilnærming mellom de to målformene på grunnlag av det talemålet folk flest bruker?
- rett for alle til å bruke sitt eget talemål uten å bli nedvurdert?
- reell jamstilling mellom bokmål og nynorsk?
- reelle rettigheter for de språklige minoritetene?

Da er Landslaget for språklig samling noe for deg!

Medlemskap og abonnement

Medlemskap i LSS koster kr 250,- pr. år, eller kr 125,- om du er skoleelever eller student. Medlemskap inkluderer abonnement på bladet. Om du bare vil abonnere på bladet, koster det kr 150,- pr. år. Send e-post til lss@start.no, eller skriv til Språklig Samling, Postboks 636 Sentrum, 0106 Oslo.

Bidra aktivt?

Det meste av aktiviteten i LSS dreier seg om bladet og nettstedet. Om du har lyst til å hjelpe til med å lage et enda bedre blad eller være med på å bygge opp det nye nettstedet vårt, er det bare å ta kontakt. Alle slags bidrag er av interesse!

Nettsider: sprakligsamling.no (sprakligsamling.no)